

---

**Fra:** Harry Finseth  
**Sendt:** 20. juni 2014 14:19  
**Til:** Berit M Eskeland  
**Emne:** VS: Sikring av gang- og sykkelveg i Grønlandsfeltet

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Magni Håland Dyrøy [<mailto:magni@magni.no>]  
Sendt: 20. juni 2014 13:42  
Til: Harry Finseth  
Emne: Sikring av gang- og sykkelveg i Grønlandsfeltet

Hei.

Eg tek kontakt på grunn av bekymring for tryggleiken til borna våre. Me bur i Grønlandsvegen og er heldige å ha ein stor leikeplass i bustadfeltet vårt. Langs den eine sida av leikeplassen går det ein gang- og sykkelveg som bind saman Grønland og Grønlandsvegen. Denne er det ikkje lov til å køyre på utan i spesielle høve som utrykning og flytting, står det i plankartet. Likevel har denne vegen vorte nytta til vanleg køyring, m.a. av Posten. (Eg har nyleg snakka direkte med den som køyrde postbilen og gjeve beskjed om at dette ikkje er tillete.) Dette gjer at me ikkje føler oss trygge for borna våre når dei leikar på og ved leikeplassen.

Hovudårsaka til at vegen vert nytta til bilkøyring vil eg tru er at den ikkje er merka/skilta som gang- og sykkelveg, slik at bilistane ikkje veit at det ikkje er tillete å køyre der. Me ynskjer difor at det vert sett opp skilt i begge endar av gang- og sykkelvegen, og gjerne også ei fysisk hindring i enden av vegen mot Grønland, som hindrar bilkøyring, men ikkje barnevogner og syklistar.

Eg kan gjerne vera med på ei synfaring om de skulle ynskje det.

Venleg helsing  
Magni Håland Dyrøy

Mob. 98 40 27 61